



Bønder jublar over bonde-reality

(NPK): Ein ny sesong med TV 2-programmet Jakten på kjærligheten er i gang, og skeptikarane erkjenner at programmet har vore god reklame for bøndene.

Norges Bondelag frykta før programmet kom på lufta for fire år sidan, at realityserien skulle henge ut ei allereie plaga yrkesgruppe i ein vanskeleg livssituasjon, og raste mot ideen.

No melder dei at betre reklame enn friarbrev, lattermilde bønder og romantiske gardsbesøk kunne ikkje norsk landbruk få.

Samtidig med oppstarten av ein ny runde med bonderomantikk på TV kjem også boka om bøndene i serien, ei bok forfattarane meiner gir eit oppdatert bilete av den norske bonden.

«Jakten på kjærligheten» er skriven av Bjørnhild Fjeld og Erling Arvola og inneheld intervju med alle dei 24 bøndene som til no har vore med i serien. (©NPK)